



$\boxed{\bullet} = \text{Vrang}$

Elisabeth



Tjukkelesta



24m pr 10 cm / 22m pr 10 cm

Desse lestane er strikka frå tåa og opp.

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Damesokken skal strikkast med strikkefastheit 24/10, medan herresokkane på 22/10. Lengden justerer du ihht tabell.

Forkortingar:

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridt rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

SFB = Strikk i framre og bakre maskeboge på same maske = 1 maske auka.

RS = Rettsida

VS = Vrangside

Tå:

Legg opp 9 m på kvar pinne med Judy's magic cast on totalt 18 maskar.

Strikk ein omgang rett.

Nå skal du begynne å auke til tåa:

- Omg. 1: *SFB, strikk rett til 2 maskar står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett* Gjenta *-* på pinne 2.
- Omg. 2: Strikk alle maskane rett.

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har totalt 50 maskar på pinnane.

Avslutt med omg. 2.

No har du 25 m på kvar pinne.

Fot:

Når tåa er ferdig startar du med å strikke mønster etter diagrammet. Mønster oppå foten, glattstrikk under. Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Sjå tabell. Hælen måler ca. 6 cm.

Hælkile:

No skal du auke til hælkilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til står att 2 maskar, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 1: Rett
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 39 maskar på pinne 1.

EUR	CM
52	34.0
51	33.4
50	32.7
49	32.1
48	31.4
47	30.8
46	30.1
45	29.5
44	28.8
43	28.1
42	27.5
41	26.8
40	26.2
39	25.5
38	24.8
37	24.2
36	23.5
35	22.9

Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Hælen skal også ha strukturmønster som oppå foten.

Før du starter, sett ein MM på kvar side av dei midterste 7 m på pinne 1. På desse 7 m skal mønsteret starte med **3 r, 1 vr, 3 r**.

No skal du felle inn igjen dei maskane du auka til hælkilen, samstundes som du legg til mønster på kvar side av dei 7 midterste maskane.

- Omg. 1 RS: Strikk 16 r, **3 r, 1 vr, 3 r**, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, 8 m som diagram viser, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk etter diagrammet til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.

Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du har 23 maskar på pinne 1. Etter siste felling både på retta og vranga skal du ikkje strikke ein ekstra maske. Du har no 48 m til saman

Husk å fylle på med diagram etterkvart. (sjå bilete)

Pass på å avslutte hælen på samme omg. som du avslutta oppå foten, slik at du er på same stad i mønsteret når du no skal byrje å strikke skaftet. Berre strikk eit par ekstra omg. bak på hælen om du treng det for å kome på same plass.

Skaft:

For å unngå hol i sidene når du skal byrje å strikke rundt igjen kan du plukke opp ein maske i kvar side mellom pinne 1 og 2 os strikk den vridt rett saman med neste maske.

Strikk mønster etter diagrammet heile vegen rundt (på begge pinner) i 9 cm eller til ønska lengde, avslutt med

Vrangbord:

Strikk 10 omg 1 vridt r, 1 vr. Pass på å få vrangmaskane over vangmaskane og den løfta masken i diagrammet.

Fell av med italiensk avfelling.

